

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **12. mai 2025** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiding av utvalsleiar Svein Terje Brekke.

MØTESTED:	Tysvær rådhus, formannskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 15.05
MØTENDE MEDLEMMER:	Svein Terje Brekke (Krf), Stig Hop (INP), Bodil Elvie Varpen Tungland (Ap), Åse-Berit Apeland Rolland (Sp) og Karsten A. Larsen (Frp),
MØTENDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRA SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær Sjur Hatlen - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRA ROGALAND REVISJON:	Rekneskapsrevisor Edith Sætrevik
FRA ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Sigurd Eikje Samfunnsutviklingssjef John-Fredrik Rognsvaag i sak 6
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Monika Lindanger
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 05/25 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 10.02.25

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 10.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Utvalet hadde inga merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 10.02.25 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 06/25 ORIENTERING OM SAMFUNNSUTVIKLING –
V/ SAMFUNNSUTVIKLINGSSJEF**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar samfunnsutviklingssjef John-Fredrik Rognsvaag sin gjennomgang om sine arbeids- og ansvarsoppgåver til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Samfunnsutviklingssjefen viste ein presentasjon og orienterte om avdelinga for samfunnsutvikling. Avdelinga har tre tilsette, ein folkehelsekoordinator, ein med ansvar for prosjekt teknisk og drift, og samfunnsutviklingssjefen.

Ei av hovudoppgåvene er å støtte rådmannen i tekniske- og utviklingsspørsmål. I den seinare tid har det vore stort fokus på utvikling av bygg, her har avdelinga rolla som prosjektleiar. Forutan dette har avdelinga overordna ansvar for samfunnsplan og kommunens arealdel.

Medlemmene fekk svar på spørsmål mellom anna om gjenbruk av bygg, korleis kommunen opplever samarbeid med andre statlege instansar, oppfølging av dei ulike prosjekta, om ein klarer å halde seg innanfor budsjett og status for bomberom.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25:

Tysvær kontrollutval tar samfunnsutviklingssjef John-Fredrik Rognsvaag sin gjennomgang om sine arbeids- og ansvarsoppgåver til orientering.

**SAK 07/25 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT - «BEREDSKAP,
HENDINGAR OG KATASTROFAR»**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Tysvær kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapporten om «Beredskap, hendingar og katastrofar» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Leiar las opp den skriftlege tilbakemeldinga frå rådmannen. Medlemmene var nøgd med tilbakemeldinga og hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25 og innstilling:

Tysvær kommunestyre tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisjonsrapporten om «Beredskap, hendingar og katastrofar» til orientering.

SAK 08/25 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024

Sekretariatets framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval vedtar vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2024 slik det ligg føre (med desse endringane/tillegga).

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsberetning for 2024.

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Revisor Edith Sætrevik orienterte om revisjonsarbeidet i løpet av året. Hun gjorde greie for funn og merknadar i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsberetninga var utan merknadar. Revisor hadde nokon forslag til forbetringar, men ho meinte at kommunen hadde gode rutinar og at samarbeide med økonomiavdelinga fungerte godt. Kommunen er god til å rette opp i det som blir påpeikt av revisor.

Rådmannen kommenterte kort resultata sett i forhold til kommunen sine måltal. Netto driftsresultat var på 7,7 prosent, som er over kommunen sitt eige måltal på 4 %. Dette har ført til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond og gjer at kommunen er meir robust.

Medlemmene fekk svar på spørsmål mellom anna om fastsette måltal, gjeldsgrad og utarbeiding av skriftlege rutinar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25:

Tysvær kontrollutval vedtar vedlagte uttale til Tysvær kommune sin årsrekneskap og årsberetning for 2024 slik den ligg føre.

Kontrollutvalet tilrår at Tysvær kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsberetningen for 2024.

SAK 09/25 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 og revisor si gjennomgang til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Revisor viste ein presentasjon og orienterte om kontrollen. Revisjonen hadde undersøkt etterleving av regelverket for anskaffingar med fokus på anbudsprosess og dokumentasjon. Konklusjonen var positiv.

Leiar meinte resultatet av kontrollen var positivt for kommunen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25:

Tysvær kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2024 og revisor si gjennomgang til orientering.

SAK 10/25 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.05.25

- 07. Statusrapport pr. mai 2025
- 08. KST-vedtak 10.04.25 sak 07/25 Tysvær kontrollutval - Årsmelding 2024
- 09. Representantskapsmøte 23.04.25 – Haugaland brann og redning IKS
- 10. Representantskapsmøte 28.04.25 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- 11. Representantskapsmøte 23.04.25 - Haugaland Vekst IKS
- 12. Generalforsamling 25.04.25 – Haugaland Kraft AS

Handsaming i kontrollutvalet 12.05.25:

Sekretæren gjorde greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.05.25:

Referat- og orienteringssakene nr 7 –12 blir tatt til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 16.06.25, kl. 14.00

Saker: orientering om personal og organisasjon

Aksdal, 12.05.25

Svein Terje Brekke
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær